



## Høyringsuttale

Innsendt	10.09.2023 15:22:28	
ReferanselD	BYG0038-1004332	
<b>Personopplysningar</b>		
<b>Personopplysningar - innsendar</b>		
Førenamn Geir	Etternavn Skjevrak	
Adresse SETESDALSVegen 2204		
Postnr/sted 4745 BYGLAND		
E-post skjevrak@online.no		
Uttalen vert gjeven	<input checked="" type="checkbox"/> Personleg <input type="checkbox"/> På vegne av lag føretak eller foreining	

### Innleiing

Har du/de fått tilsendt høyringssaka i adressert sending frå kommunen?

Ja

Nei

Saksnummer/referansenummer

HØYRINGSSVAR TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL, Plan-ID 202201

### Uttale

Uttale til saka

Sjå vedlagt brev.

### Vedlegg

#### Vedlegg

HØYRINGSSVAR TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL, Plan-ID 202201

Til

Bygland kommune  
Sentrum 18  
4745 BYGLAND

## **HØYRINGSSVAR TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL, Plan-ID 202201**

### **Bakgrunn**

Underskrivne syner til kunngjort arealplanhøyring med frist 12. september 2023.  
<https://www.bylgland.kommune.no/kommuneplanen-sin-arealdel-paa-hoeyring.6612201-522076.html>

Punkt 80 på g.nr/b.nr 49/3 og 49/5 vart i PMR-sak 60 den 4. juli teken ut av denne høyringsprosessen utan nokon grunngjeving. Difor må forslaget inn att slik at ein kan få ei full demokratisk handsaming av saka i Bygland kommunestyre.

Årsaka til dette er at forslaget er fullt ut i samsvar med den gjeldande kommuneplanen sin samfunnsdel, vedteken 14. mai 2020. Å take ut dette forslaget er i motstrid med fleire punkt i samfunnsdelen:

### **Generell målsetjing**

Sitat frå samfunnsdelen:

*«I 2032 har Bygland lykkast med å bruke det grøne skiftet til innovasjon og verdiskaping i privat og offentleg sektor. Utvikling og bruk av ny teknologi har bidrige til reduserte utslepp av klimagassar. Eit godt samarbeid mellom næringsliv og det offentlege har ført til at nye og attraktive arbeidsplasser er etablerte i kommunen».*

Prosjektet skaper arbeid for sokjaren og borna. No er det så få stillingar attende i kommunen, at dersom det ikkje blir nye prosjekt så må ein pendle ut av kommunen for å få arbeid eller sekundært flytte. I tillegg er det eit grunneigarprosjekt i eigen regi slik som for eksisterande småkraftverk – og det tilfører ny fornybar energi. Korleis er det mogeleg å seie nei til eit slikt prosjekt som KU-utgreiinga for pkt. 80 syner seg positiv til? Dette spørsmålet må debatterast politisk.

### **Dispensasjonssak**

Sitat frå samfunnsdelen:

*«Arealplanlegginga skal legge til rette for eit minimum av dispensasjonssaker og følgje ønska samfunnsutvikling og vere tilpassa denne».*

Den 31. juli 2022 blei det søkt dispensasjon for tiltaket ihht PBL§19 (Sak 2022/335-5). Den 31. mars 2023 blei det gjennomført førehandskonferanse på kommunehuset. Konklusjonen vart at pga prosjektet sitt omfang, og fordi bakkemontert solkraft er heilt nytt i kommunen tilrådde kommuneadministrasjonen at tiltakshavar trekkjer dispensasjonssøknaden frå juli 2022 for å få prinsipiell handsaming i kommunestyret som ein del av arealplanrevisjonen. Følgeleg må det vere samsvar mellom "liv & lære" i den kommunale forvaltinga.

## Målet om grøn industri

Sitat fra samfunnsdelen, som oppmodar til denne type prosjekt:

«Kommunen har store ressursar innan skogbruket og har eit stort potensiale innan grøn industri. Grøn industri vil også bidra til å oppretthalde kulturlandskapet. Det er fleire småkraftverk i kommunen og nye er under utgreiing. Fornybar energi skal ikkje vere vindkraft produsert i Bygland kommune».

## Juridiske føringar for kommunen i Plan- og bygningslova

PBL §11-5, fyrste avsnitt, fyrste setning har ordlyd:

«Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.»

Retningsgjevande “kompasskurs” gjev Kommunal- og distriktsdepartementet i lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova 15. april 2020, kapittel 11, side 128:

«Planen skal vise sammenhengen mellom samfunnsutviklingen som behandles i samfunnsdelen og hvilke utslag og behov dette gir for arealbruken, og hvordan arealene samlet sett bør disponeres for å løse oppgaver og behov som avklares i samfunnsdelen.»

Departementet skrivar vidare side 129 fyrste avsnitt, 2. setning:

«Arealdelen er et verktøy til å gjennomføre samfunnsdelen.»

## Nasjonal politisk føring – Stortingsvedtaket 16. juni 2023

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Vedtak/Vedtak/?page=12>

Stortingsmelding 2 (2022/23), Innstilling 490 S (2022/23), Vedtak 923:

“Stortinget ber regjeringen sette et mål for ny solenergi på 8 TWh innen 2030 og utarbeide en konkret handlingsplan som gjør det mulig å realisere målet innen revidert nasjonalbudsjett i 2024. Tiltak og virkemidler skal ikke være til hinder for rasjonell nettutvikling.”

Som direkte fylgje av det ferske Stortingsvedtaket ber Olje- og energidepartementet alt den 10. juli 2023 Noregs vassdrags- og energidirektorat om å fylge opp det politiske vedtaket i forvaltninga (sak 23/1440). Her kjem altså Bygland kommune til “duk & dekka bord”, og kan bli ein føregangskommune i “Det grøne skiftet”, med oppfylling av “Parisavalen” om 2-graders målet, som Noreg ratifiserte 22.04.2016, og som 193 nasjonar har underteikna .....

Tiltakshavar ynskjer altså å medverke til Stortingsvedtaket sitt mål. For ordens skuld, 8 TWh tilsvarar 8000 GWh. Underskrivne sitt prosjekt er omlag 8,5 - 9 GWh, altså 0,1 % av målet, som Regjeringa skal utarbeide nasjonal handlingsplan for å oppnå. Formulert med andre ord, så må det eksempelvis byggast 889 slike prosjekt landet rundt for å oppnå Stortingsvedtaket.

\* \* \*

På denne bakgrunn ber underskrivne om at pkt. 80 blir teken inn att til fullverdig handsaming, slik at dette er med i vedtaksgrunnlag når kommunestyret skal handsame kommuneplanen sin arealdel for 2023 - 2035.

På førehand mange takk !

Med helsing

  
Geir Skjevrak